

# RADØY *nytt*

## Kystsogevekene *på Radøy*



Økonomi .....	Side	3
Natur .....	Side	4
Kultur og fritid .....	Side	5-7
Born og ungdom .....	Side	8-9
Lærlingar i Radøy kommune .....	Side	10
Helse .....	Side	11



RADØY *nytt*

vert utgjeven av Radøy kommune.

Hovudansvarleg for innhald:  
Rådmann Christian FotlandRedaktør:  
Kulturkonsulent Rune RydlandRedaksjonskomitee:  
Ass. rådmann Leif Taule  
Rådgjevar skule og oppvekst Helge VallestadLayout og sats:  
Konvoi ASTrykk:  
Trykk-Service - 5914 IsdalstøKommune-  
rosa

## Karina Tveiten

– Karina har gjennom eit langt liv alltid vore på farten og hatt det travelt. Ho er positiv, god i replikken, med på mange aktivitetar og stiller opp som medlem

og hjelper i lag og organisasjonar. I pensjonist-tida har ho vore særleg aktiv i Frivillig-sentralen, og i sommar var ho ei av dei som hadde ansvar for dagtilbodet som Frivillig-sentralen hadde på Velferdssenteret. Karina har eit vinnande vesen og er ein fantastisk ressurs for lokalsamfunnet og ein utruleg god kulturformidlar!

## Kraftleidning over Radøy

Kommunane Radøy, Austrheim, Lindås og Øygarden arbeidar aktivt saman for at den planlagte kraftleidningen i Nord-hordland i hovudsak skal koma som jord- og sjøkabel.

Det er halde eigne grunneigarmøte i Radøy kommune om saka, og folkemøte med NVE på Sletta er arrangert. Ein eigen folkeaksjon mot luftspenn er også starta, og det er postivt. Radøy kommune hadde 2. sept møte med statsekretær Heidi Sørensen i Miljøverndepartementet (MD). Ordføraren la der fram ein presentasjon der han på vegne av heile Nordhordland sette kravet om kraftlinja i kabel inn i Miljøverndepartementet si eiga satsing om å ta vare på det Biologiske Mangfaldet (jf. postkortaksjon frå miljøvernminister Erik Solheim i sommar). Heidi Sørensen understreka at dei trong detaljkunnskap om utfordringar rundt kraftlinja i Nordhordland, og dei var samd i Riksrevisjonen sin kritiske rapport frå 2007 som krev at Miljøverndepartementet no må ta det overordna ansvaret for å samordna arealbruken og arealforvaltninga i Norge. Miljøverndepartementet sperra opp augene over at kommunane i Nordhordland har vore så konstruktive for samlokaliseringalternativ, og at alternativet ikkje har vorte meir vektlagt av BKK og NVE, men dei var ikkje overraska over det.

**HOPEHAVET.** Den planlagte kraftlinja skal byggjast fordi det er gjeve konsesjon til bygging av energiverk/gasskraftverk på StatoilHydro sitt anlegg på Mongstad. BKK har i ettertid også søkt om konsesjon for bygging av gasskraftverk på Mongstad. Desse anlegga vil produsere store mengder med straum som skal førast fram til storkundane, i hovudsak oljeindustrien på Kollsnes, Mongstad og i Nordsjøen. Oljeindustrien, energisektoren og storkapitalen som samarbeider tett, har også har god kontakt med mange av dei folkevalde på Stortinget i denne saka, men og med NVE og Olje- og energidepartementet (OED). Den nye Plan- og bygningslova som vert gjeldande frå 1. juli 2009 viser oss også dette. Den tek frå kommunane retten til å krevje reguleringsplanar i kraftlinjesaker, noko som også gjeld industriområde for vindmøller. I ei eventuell klagesak vert det berre OED som får handsama saka. Miljøverndepartementet er såleis skubba ut i eit hjørne utan makt og mynde, og er i praksis vengeklypt som ein grilla kylling.

**ENGASJEMENT VIKTIG.** Luftspenn over den sårbare kystnaturen vår får store konsekvensar for natur, landskap og folk som lever og bur her. Kryssinga av smale fjordar og over land av ei 300 kV linje med mastar på 20-30 meters høgd, vil for alltid prega landskapsbiletet! Ekstrakostnadene til sjø- og jordkabling meiner folk flest at storsamfunnet og oljeindustrien må ta. Det er dei som treng meir kraft, og det er difor heilt naturleg at oljeindustrien, Statoil/Hydro, utbyggjar, BKK og staten som er største eigar, tek meirkostnadene med ein miljøkabel, den miljømessige gevinsten vil vera kolossal for heile regionen. Noko anna vil vera ei stor skam! Radøy kommune oppmodar alle gode krefter til å engasjera seg for å ta vare på vår flotte kystnatur framover. Våre born og dei trua og sjeldne fuglane våre fortener det.

ASBJØRN NAGELL TOFT  
SKOGBRUKSSJEF/MILJØVERNLEIAR

Informasjon om *eigedomsskatt*

Kommunestyret har med heimel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vedteke å utvida eigedomsskatten til å gjelda alle eigedomar i heile kommunen frå 1. januar 2009.

I løpet av hausten 2008 vil det verta synfaring på eigedomen din. Dei som kjem er tilsette i kommunen og har fått opplæring i oppmåling og vurdering av standard. Dei skal legitimere at dei arbeider på oppdrag frå kommunen.

**Taksering**

For bustader og fritidshus vert det lagt opp til ei forenkla taksering – ut frå ei måling av storleiken på bygg og/eller tomt. Det er utarbeidd retningslinjer for arbeidet med takseringa.

Taksten vert rekna ut på grunnlag av faktaopplysningar om eigedomen og ei vurdering av standard på eigedomen. Dette er faktorar som verkar inn på verdien av eigedomen. Faktaopplysningar er alder og storleik på bygg og eigedom. Det er bruksareal (BRA) på bygg som vert lagt til grunn for utrekninga.

Desse opplysningane vert henta frå offentlege register og ved oppmåling på eigedomen. Oppmåling og vurdering av bygg skjer utvendig. Det er vedtatt at ein skal bruka ei så

kalla sjablonverdi for å fastsetje verdi på eigedom og bygg. Sakkunnig takstnemnd vil fastsetje sjablonverdi for dei ulike eigedomsgruppene.

**Kva skal takserast?**

- Tomt
- Uthus til bustad
- Bustader
- Hytter og fritidsbustader
- Våningshus
- Næringsbygg
- Garasjar
- Naust på frådelt tomt
- Andre bygningar

**Landbrukseigedom**

Det er særskilde reglar for taksering av landbrukseigedom

**Synfaring**

I samband med takseringa skal det gjennomførast utvendig synfaring på alle eigedomar. Synfaringa vil verta utført av folk tilsette i kommunen. Dei skal legitimere at dei arbeider på oppdrag frå kommunen.

**Informasjon**

Alle husstandar i Radøy hat fått eit informasjonsskriv i postkassen sin. Det vil også vera eit eige avsnitt med



informasjon på heimesida vår [www.radoy.kommune.no/Aktuelt/Eigedomsskatt](http://www.radoy.kommune.no/Aktuelt/Eigedomsskatt)

**Kontaktinformasjon:**

Dersom du ønskjer å koma med innspel til synfaringa, kan du kontakta Radøy kommune på tlf: 56 34 90 00 eller faks: 56 34 90 01 E-post: [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

Hugs å meld frå om gnr/bnr. på eigedomen, namn på eigar/eigarrepresentant/telefonnummer/e-postadresse kor du kan treffast på dagtid og kveldstid. Synfaring og oppmåling vert gjennomført i veke 40 – 48. For informasjon om tidspunkt for dette i område der du bur viser vi til informasjonsskriv foldar som er sendt ut til alle, og informasjon på kommunen si nettside.

## Berre to tomter att på Stølane (Austebygd)

Feltet ligg i naturskjöne omgjevnader aust på Radøy, i ei sørvendt skråning på veggen mot Valdernesnes. Det er kort

veg til turterreng og sjø. Stølane bustadfelt ligg 500 m frå skule og barnehage og 1600 m frå næraste butikk.

Feltet var regulert for 9 bustadtomter og i dag er det igjen éi tomt regulert for einebustad (nr 7), og éi som er regulert for tomannsbustad (nr 9). Det er ca 8 km til Manger sentrum med alle sørvistilbod, og ca 50 min køyring til Bergen. Prisen er sett til kr 100.000,- pr. tomt. Dersom det er fleire interessantar til same tomta, vert det opna for tilbodsrundar.

**Tomter i Bøvågen**

Tomtene ligg sentralt til i eit attraktivt buområde i Bøvågen, nord på Radøy.

Det er kort veg til badeplass og fine turområde. Det er ca 600 m til barne-skule og barnehage og 800 m til butikk. Det er ca 1 mil til Manger sentrum med alle sørvistilbod.

Tomt nr.	Areal	Tomtepris
30	Ca. 550 m <sup>2</sup>	51 000,-
32	Ca. 800 m <sup>2</sup>	71 000,-
52	Ca. 700 m <sup>2</sup>	63 000,-
53	Ca. 850 m <sup>2</sup>	75 000,-
54	Ca. 900 m <sup>2</sup>	79 000,-

Meir informasjon om dei ledige tomtene får de hjå Radøy kommune ved Robert Mjøs tlf. 56 34 90 56, eller gjennom epost til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

## Vilttelefonen

Ettersøktelefon for skadd hjortevilt i Lindås, Meland, Radøy og Austrheim er: 479 04 468

Alle som jaktar hjort, skal iflg. lovverket ha skriftleg ettersøksavtale med godkjent ettersøkskvipasje. NJFL tilbyr slik avtale. Avtalen kostar kr 75,- pr. løyve valdet/jaktfeltet har, og skal betalast til kontonr. 3632.50.61221 NJFL, postboks 156, 5903 Isdalstø, før jakta tek til 10. september 2008. Nyttar du giro så hugs eiga namn, adresse, kommune, valdnummer og tal på dyr. Ved betaling over internett skriv inn opplysningane i Kid- feltet. Kommunen har heimel til å kontrollere at alle vald/jaktfelt har ettersøksavtale: Vilttelefonen har vakt heile døgnet.

### Slik føreheld du deg ved skadeskyting:

Lad fort om, hald deg i ro, observer nøye og ver klar til å skyta. Etter 3-4 min. Merk plasseringa di då du skaut, staden dyret stod då skotet vart løyst og staden dyret forsvann. Undersøk skotstaden om du finn blod, hår eller andre skotteikn. Sjekk fluktporet maks 30 m frå der dyret forsvann. Ver varsam så du ikkje øydelegg spor-teikn. Varsla om skadeskytinga til jaktleiar, slik at jakt på andre dyr i området vert stoppa. Ta kontakt med vilttelefonen og vent til ettersøkskvipasjonen er på staden.

*Nordhordland Jakt- og Fiskarlag*

## Hjorteforvaltinga i Radøy

### Hjortejakta i Radøy 2007

Det vart skote 230 hjortar i Radøy kommune i 2007. Avskytinga er på om lag 90%.

Det vart i 2007 felt:

- 44% koller, dvs. 101 dyr.
- 35 % bukkar, dvs. 80 dyr.
- 21 % kalvar, dvs. 49 dyr.


### Fellingsløyve 2008

Det er gjeve fellingsløyve for 265 dyr i 2008

### Viltmøtet 2008

Viltmøtet 2008 vart halde på rådhuset, omlag 50 personar møtte fram. Tema var: Jaktleiar og elgjakt i Østerdalen av Geir Dale og hjort og borelia og viltforvaltinga i Radøy, av Asbjørn N. Toft.

Det vert no sett i gang høyring om senking av minstearealet for hjortevald i Radøy.



## Radøy kommune har hatt gjestar frå

# Moldova

### Tusenårsprosjektet i Radøy kommune er som kjent utviklinga av barneheimen i Crihana Veche i Moldova. Prosjektet har utvikla seg godt heile vegen, og framstår i dag som ei solskinshistorie.

Steinar Vågenes i Crihana Veche-aksjonen kan fortelja at då han og nokre andre vitja landsbyen og barneheimen første gongen i 1999, så var det dels forferdelege forhold dei møtte. I tillegg til at barneheimsborna levde under dårleg forhold, så var heile kommunen eit lite attraktivt område.

I dag er det dokumentert at barneheimen i Crihana Veche er ein av dei beste i Moldova. Lokalt er barneheimen vorten eit ressurscenter i Crihana Veche kommune. Misjon uten Grenser har nyleg laga ei fin informa-

sjonsbrosjyre om tusenårsprosjektet vårt. Me veit at Radøy og radværingane sine pengegaver er sentrale i denne utviklinga. I vår fekk Radøy kommune spørsmål om me kunne ta imot representantar for Crihana Veche kommune no i haust. Dette fordi kommuneleinga der borte ynskjer å studera korleis ansvar, strategiar og driftsopplegg i norske kommunar er lagt opp. Besøket stadfestar at barneheimsprosjektet vårt framleis utviklar seg. I perioden 20. – 28. august hadde Radøy kommune besøk av ordførar og tidlegare ordførar i Crihana Veche kommune og av styraren for barneheimen til Radøy. Studieturen starta med at formannskapet i Radøy inviterte til lunsj på Smith's møte og selskapslokale den 21. august. Etter lunsjen hadde me eit fellesmøte. Dei andre dagane gjekk med til å studera fleire kommunale einingar og ein del verksemdar i Radøy.

Siste kvelden var det ei avskilssamkome på Hella skulestove. Gjestane takka Radøy for framifrå vertskap, og dei gav ros for den inkluderande måten det norske samfunnet har for unge, eldre og menneske med ulike funksjonshemmingar. I høve til Moldova framstår inkludering og ivaretaking av menneske med nedsett funksjonsevne som det som hadde gjort sterkt inntrykk. I tillegg var dei misunneleg på kor godt eldre menneske har det i Noreg. Dei gav oss også ein ståande invitasjon til å besøkje Crihana Veche kommune. For oss som møtte representantane frå Moldova, var besøket også lærerikt, og det sette nokre av våre eigne kvardagsutfordringar i eit nytt perspektiv. Radøy kommune nytta høvet til å avslutta dette referatet med å takka fadrar og alle andre bidragsytarar til Crihana Veche-aksjonen for innsatsen for å hjelpa andre!



Radøy formannskap og gjestane frå Moldova.

# Stilfull opning

## av kystsovevekene i Radøy

Om lag 400 personar frå heile Nordhordland hadde funne vegen til Solheimsåsen på Sæbø for å ta del i "A night at the opera".

Dette var også den offisielle opninga av kystsovevekene i Radøy 2008. Og det vert neppe siste gongen denne scena er i bruk. Med så gode lokale krefter er det sikkert mogeleg å få til meir slik underhaldning i framtida.

Alle på scenen gjorde gode prestasjonar og publikum fekk oppleve både flott kultur og solnedgang. Ordførar Jon Askeland meinte at det var mykje finare utsikt frå "opera-scenen" i Solheimsåsen enn i Bjørvika i Oslo, og til ein brøkdal av prisen. Programmet for kystsovevekene i Radøy vidare framover, kan du finna på Radøy kommune sine heimesider. Det er mange fine arrangement fram til og med 14. september, og dei er vel verd eit besøk.



Lydia på taket

## Nytt frå Frivilligsentralen

### Overgang til digital-TV. Informasjonsmøte

Torsdag 18. september, vert det informasjonsmøte på Biblioteket, Velferdssenteret kl 11.00-12.00. Henrik Byremo frå Norges Televisjon vil orientere om endringane som kjem etter 30. september. Han vil og svare på spørsmål og gje råd til dei fram-møtte. Møtet er ope for alle interesserte.

### Besøkstenesta

Denne hausten vil me arbeide for å få fleire frivillige medarbeidarar inn i besøkstenesta. Me veit at det rundt i heimane og på institusjonane sit mange som vil setje stor pris på å få besøk frå ei organisert besøksteneste. I samarbeid med Soknerådet planlegg me rekruttering/kursing av frivillige som kan tenkje seg å dele eit par timar for veka med nokon som av ulike grunnar ikkje har høve til å delta i aktivitetar utanfor heimen.

*Er dette noko for deg? Vil du vite meir, ta kontakt!!*

### Samarbeid med LHL

Sidan hausten 2005 har Frivilligsentralen samarbeidd med LHL-Radøy i prosjektet "Bikuba". Prosjektet vart avslutta 31.12.07. Målet var å skapa ulike aktivitetar/møteplassar der menneske med ulik bakgrunn kunne møtast, trivast og delta i ulike aktivitetar. Prosjektet har vist at går ein saman, kan ein få ting til! Nye brukarar og nye aktivitetar har kome i gang, og etter at prosjektperioden er avslutta held aktivitetane fram. Å vere med i prosjektet, har resultert i at me har fått mange nye frivillige knyta til oss. Spesielt kan nemnast seniordansarane. Gjennom heile året har 12-16 frivillige stilt opp på Hordabøheimen og Dagavdelinga med dans, song og sosialt samvær. Og me har nyleg forlengja samarbeidet fram til nyttår!!

I sommar deltok dei på ferietilbodet som me hadde for pensjonistar. Me vil retta ei stor takk til alle som stiller opp!!

### Tur til Kypros

Frivilligsentralen arrangerer i år tur til Fig Tree Bay, Kypros. Turen er i tida 16. til 30. oktober. Me har nokre få, ledige plassar. For informasjon/påmelding ta kontakt.

### Frivilligprisen 2008

På den årlege førjulsfesten vert Frivilligprisen delt ut. *Frivilligprisen skal gå til ein initiativrik person som gjennom sitt frivillige engasjement har betra trivsel og livskvalitet for andre innbyggjarar i kommunen.* Alle privatpersonar, lag og organisasjonar som er heimehøyrende i Radøy, kan koma med framlegg. Med kvart framlegg må det leggast ved ei grunnngjeving som kan stø opp under kandidatutval. *Framlegg kan sendast Frivilligsentralen fram til 15. november.*

Slik kan du nå oss: på telefon 56 34 90 30 - 95 28 39 22 eller epost: frivilligsentralen@radoy.kommune.no eller du kan stikke innom i Gamle Prestegarden på Manger.

LAILA SEILFALDET PLETTEN dagleg leiar



# Eldredagen 2008

**Onsdag 1. oktober 2008 vert den internasjonale eldredagen markert i radøy**

**Fest på Smiths møte- og selskapslokale kl. 15.30**

Opning v/eldrerådsleiar Astrid Hagen  
Ord og tankar v/Margot Taule  
Song og musikk  
Festtale v/Gunnvald Hella  
Matsservering  
Ord for dagen v/varaordførar Ragnar Floen

**Påmelding til festen innan 24. september 2008 til:**

Gerda Paulsen tlf. 56 37 33 16  
Gudrun Myking tlf. 56 37 41 77  
Sørvistorget tlf. 56 34 90 00  
- Festen kostar kr 250,-

Eldredagen ver markert på Hordabøheimen og på Velferdssenteret på Manger onsdag 1. oktober 2008, kl. 11.00

**Alle er hjarteleg velkomne til å ta del i markeringa!**

Arr: Radøy Eldreråd

# Kaffikrokjen



Skal det vera noko meir før me stengjer ?

**Kaféen på Manger har no vore i drift i 8 månader. Den første tida opplevde me bra med besøk og mange positive tilbakemeldingar.**

Me har våre faste gjestar som kjem innom dagleg. Dei set me veldig pris på, og vert faktisk litt bekymra om det er dagar dei ikkje dukkar opp.

Besøkstala har gått mykje ned, og kommunen kan ikkje driva ein kafé med underskot. Slik situasjonen er no, er det ikkje rekningssvarande å driva kaféen. Ein omsetnad på under 100 kr dagen er ikkje godt nok for vidare drift, og rådmannen ber difor innbyggjarane støtta opp om kafétilbodet slik at kommunen kan halde fram med drifta.

Frå midten av juni inngjekk me samarbeid med LHL og Radøy/Manger fotballklubb for å utvida opningstida. Me har sidan då hatt ope torsdagar og fredagar til kl 2000 og laurdagar kl 1000 -1500. Me opplever diverre at folk ikkje nyttar tilbodet så flittig som me hadde håpa, og det er synd for alle dei frivillige som stiller på dugnad for laget sitt.

Dei av arbeidstakarane våre som jobbar på Kaffikrokjen seier dei trivst veldig godt. Nokon trivst best på kjøkkenet med vaffelsteiking og oppvask, medan andre er av den meir sosiale typen som likar å slå av ein prat med kundane våre.



**Radøy kommune byr inn alle ungdommar mellom 10 og 20 år til å delta i «Ungdomens kultur-mønstring 2009».**

Alle kan delta, åleine eller saman i ei gruppe. *Mrk! Dei som kjem vidare til landsmønstringa må vera over 13 år.*

Mønstringa er open for aktivitetar som td. *song og musikk (ikkje korps), teater, dans, biletkunst, kunsthåndverk, opplesing, film, video, foto. Det er inga påmeldingsavgift.*

Radøy kommune vil også i år, saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden og Meland, halda mønstring søndag 25. januar 2009 i Austrheim samfunnshus.

Dei som vil vera med, må melda seg på til Radøy kulturkontor innan 15. januar 2009. Du kan og melda deg på Internett på adressa [www.ukm.no](http://www.ukm.no) eller på Sørvistorget på Rådhuset.

«Ungdomens kultur-mønstring 2009» er ikkje ein konkurranse der det skal kårast «den beste», men ei mønstring som skal visa fram mangfaldet i aktivitetar, i alder, interesser osv. Eit utval frå den lokale mønstringa får tilbod om å vera med på fylkesmønstringa i Grieghallen 18. og 19. april 2009. Der vert det valt ut deltakarar frå heile Hordaland til landsmønstringa i Trondheim i mai.

Spørsmål/påmelding til: **Kulturkontoret i Radøy, Krossvegen 8, 5936 Manger tlf. 915 49 660 E-post: [rune.rydland@radoy.kommune.no](mailto:rune.rydland@radoy.kommune.no)**

## Skulestart på Manger skule

Første skuledag 14. august – fint vær – mange spente born og foreldre, men òg lærarar med sommarfuglar i magen. Berre to klassar skulle starta i sitt gamle klasserom. Spannande å flytta på seg, men kanskje òg litt utrygt.

(Førsteklassingane 19 i talet, sit i amfiet etter endt første skuledag). Det tok ikkje mange dagane før dei første 6-åringane mota seg til på fotballbana saman med dei store. Ny 7. klasse skal finna sin plass som dei største på

skulen, og 5. skal bryna seg saman med dei eldste. Mykje å forhalda seg til desse første vekene.

Men ein klasse har hatt ein spesiell start her på skulen. Elevane fekk tilbod om intensiv sømjeopplæring kvar einaste dag i veke 35 etter skuletid. Gjensidigestiftelsen lyste ut gratis sømjekurs, og vår skule fekk etter søknad innvilga kurs. To instruktørar frå Arna sømjeklubb kom til Manger kvar dag for å ha kurs. I tillegg var det med 2 personar frå skulen. Aldri før har vel debatten gått så mykje om manglande sømjeopplæring som denne sommaren.

Fleire tragiske drukningsulucker har skjedd og difor var dette ekstra kjekt.

Skikkeleg «Flying start» før dei skal begynna å sømja med skulen anna-kvar veke. 21 born har vore med på opplegget i Radøyhallen denne veka. Alle lærte å dykka og få vatn i fjeset. Mange lærde seg å sømja. Å så kjekt dei har hatt det. Og så fekk dei T-skjorte på toppen.

Så no er det viktig at dei som kom godt i gang, får mor eller far med seg og går ofte isømhallen når dei er så godt i siget. Lukke till!



Vi er fullt konsentrert

## Prestmarka barnehage besøker Bogatunet

Dei eldste borna i Sørastova og Kjellarstova besøkte Bogatunet den første dagen storskulen ved Austebygd "budde" der som i gamle dagar. Me fekk ei flott omvisning av kjempefinke elevar. Song og musikk som og barnehageungane kunne vera med på, framførte dei. Og ikkje minst fekk me smaka på baksten frå gamle-dagar, potekaker og lappar. Kjempegodt!

Då me reiste frå Bogatunet hadde alle ungene frå barnehagen fått eit lite innblikk i korleis ein hadde det før i tida.

Og som eit barn sa: "Bra at me kan gå på butikken å kjøpa. Da e so enkelt da"



Litt mat etter omvisninga smaker godt.

## Tilbod om norskopplæring for EØS-borgarar hausten 2008

Radøy kommune har vorte kontakta av bedriftsleiingar og privatpersonar som ønskjer at arbeidstakarar frå EØS-området, ev. med ektefellar, skal få tilbod om norskopplæring. Radøy kommune skipa til slike kurs i 2006/2007.

Desse personane har, i motsetning til flyktningar/asylsøklarar/familegjenforente, ingen rett til gratis norskopplæring. Samstundes er det i kommunen si interesse at dei vert integrert best mogleg, og grunnleggjande norskkunnskapar er her avgjerande. For verksemdene må det vera viktig at arbeidstakarane kan norsk, både ut frå tryggleiks- og produktivitetssyn, og for arbeidstakarane er det truleg avgjerande for korleis dei trivst her. Dersom arbeidstakarane trivst her, vert dei truleg verande, noko som for verksemda er skilnaden på stabil arbeidskraft og stadige nyttilsetjingar.

Dersom etterspurnaden er tilstrekkeleg, tek kommunen sikte på å starta opp eit kurs for nybyrjarar tidleg i oktober. Vi tenkjer oss eit kurstilbod på 24 timar over 12 veker på kveldstid (to timar pr. kveld), arrangert på Manger skule.

Våren -09 kan ein halda fram med ei ny kursrekke dersom etterspurnaden tilseier det.

Kommunen vil administrera kurset og halda kurslokale/utstyr, men resten av kostnadene må finansierast av brukarane. Med 15 deltakarar reknar vi med at kr 1.500 pr deltakar skal dekkja driftskostnadene. I tillegg kjem lærebøker ol. med inntil kr 600.

Av fleire årsaker, ikkje minst vissa om at arbeidsgjevar støttar opp om tilbodet, ønskjer kommunen å basera dette tilbodet på at det er verksemdene som både melder på deltakarar og står for betalinga for dei.

Interesserte verksemdar kan melde på kursdeltakarar til [helge.vallestad@radoy.kommune.no](mailto:helge.vallestad@radoy.kommune.no), tlf 56 34 90 25. Her kan De også venda Dykk med spørsmål om tilbodet. For å koma i gang tidleg i oktober, treng vi ei bindande påmelding frå verksemdene med namnliste innan 30. september. Kursavgifta vil verta kravd inn i oktober.

HELGE VALLESTAD  
Rådgevar skule og oppvekst

## Oppussinga i Bø barnehage

I Bø barnehage har det gått føre seg ting i sommar. Det har lenge vore trong for ei solid oppussing i barnehagen, både av vedlikehalds- og trivselsomsyn.

Det vart difor sett av kr. 450 000,- til å gjera barnehagen «ny». I forkant hadde vi ein god prosess i personalgruppa, i høve prioriteringar og korleis vi skulle få mest mogleg ut av midlane. Etterkvart som planane byrja ta form, vart vaktmeistertenesta trekt inn for å gjera naudsynte tilpassingar og justeringar.

Denne prosessen har til no resultert i nye kjøkken, inkl. kvitevarer, på alle avdelingar, nytt brannvarslingsanlegg og nye ytterdører i barnehagebygget, nytt bad og stellerom/toalett i Bjørnehiet, støydemping i Ulvehiet og masse nytt inventar.

Vi har og nytta sommaren til å få måla innvendig og barnehagen har og vorte måla utvendig. Til saman har dette gjeve gode resultat, og barnehagen framstår no som lys og triveleg, og for oss som jobbar her, nesten som ny.

Vi vil retta ein stor takk til alle som har vore med på dette arbeidet. Alle involverte har gjort ein strålende innsats og stått på for å få barnehagen ferdig til oppstart av nytt barnehageår, som byrja torsdag 14. august. Vi vil spesielt takke den kommunale vaktmeistertenesta som har vore uvurderlege i denne prosessen.

Neste prosjekt vert no å få ordna ute på leikeområdet til borna. Vi har planane klare og vi vonar pengane strekk til, slik at vi får byrja på uteprosjektet før vi kjem alt for langt ut på hausten.



Slik ser det ut på Bjørnehiet etter oppussinga

# Lærling

## i Radøy kommune

Radøy kommune er den av kommunane i Nordhordland som tek inn flest lærlingar både per folketal og tal totalt sett. Har som målsetjing å ha 11 lærlingar i virke til ei kvar tid.

Hausten 2008 tok følgjande til som lærling i Radøy kommune Anne – Karin Viken , Mariam Austgarden og Lasse Frivik i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Ranita Røyseth tok til som lærling ved Radøy matsørvris 1. juli i institusjonskokkefaget. Hawa Bangura og Lill Veronica Storheim i helsearbeidarfaget.

Helsearbeidarfaget er eit nytt fag som erstattar opplæringa som tidlegare førte fram til hjelpepleiar og omsorgsarbeidarfaget.

Radøy kommune har 4 lærlingar som tok til i august 2007 i barne og ungdomsfaget . I løpet av vår og haust 2008 vil ein kokkelærling, tre barne- og ungdomsarbeidarar og ein omsorgsarbeidar avlegge fagprøve og få fagbrev. Lærlingane som Radøy kommune har no er svært dyktige og ei stor ressurs for arbeidsmiljøet i å halde seg oppdatert på det som skje i dei ulike faga.



Frå venstre: Kjetil Morken, Ranita Røyseth, Lasse Frivik, Mariam Austgarden, Lill Veronika Storheim og Howa Bangura

## TAF Helsefagelevar

I 2007 tok Radøy kommune i mot sine to første elevar i TAF Helsefag. Dette har så langt vore svært vellukka. Radøy kommune har teke inn Helene Marøy som TAF helsefagelev frå august 2008.



Helene Marøy

Ho skal då starte eit fireårig løp som gjev henne fagbrev som helsefagarbeidar samstundes som ho får allmenn studiekompetanse. Me vonar at dette tilbodet held fram med å vere interessant for elevar frå Radøy og ønskjer gjerne at fleire av dei som no går i 10. klasse vurderer å søkje TAF Helsefag ved Knarvik Vidaregåande skule ved val av vidaregåande skule i 2009.

Dette undervisningstilbodet tek utgangspunkt i TAF-modellen. På same måte som innanfor mange tekniske fagområde har vi sett at det er eit behov for ungdom som har bakgrunn frå arbeid på grunnplanet i helseinstitusjonar. Tilbodet gjev studiekompetanse og fagbrev i helsearbeidarfaget. Inkludert i studiekompetansen ligg også dei faga som er naudsynte for at ein skal kunna koma inn på medisinstudiet (d.v.s. Matematikk MR1, Fysikk 1, Kjemi 1 og Kjemi 2). Med studiekompetanse oppnådd gjennom TAF Helse vil du også kunna søka på sjukepleiar-, bioingeniør-, farmasi- og fysioterapiutdanningar og andre bachelorutdanningar

Om organiseringa av undervisninga 1. og 2. året er elevane ute i praksis 2-dagar og 3-dagar på skulen (lærling-

løn i 2-dagar; for tida i bedrift) 3. året er dei lærlingar og er ute i praksis 2-dagar og 3-dagar på skulen (lærlingelønn for heile veka) 4. året er dei lærlingar og er ute i praksis 3-dagar og 2-dagar på skulen (lærlingelønn for heile veka). Praksisplassane i kommunen er sjukeheim, heimesjukepleie

og bustader for utviklingshemma og verna bedrifter. I Radøy kommune har elevane starta i Bufelleskapa. Eleven fylgjer programområda for VG1-helse og sosialfag og VG2-helsearbeidarfag. Etter at eleven har fått godkjend skule og læretid har han fagbrev som HELSEFAGARBEIDER



Anne Tolleshaug Reigstad og Benedicte Vågenes Sævdal starta på TAF helsefag i august i fjor.



### Støtt TV-aksjonen 19. oktober!



I år går TV-aksjonen til Blå Kors, og arbeidet mot rusmisbruk. Radøy kommune oppmodar alle om å gje ei raus gåve.



Me oppmodar også lag, organisasjonar og verksemder til å laga arrangement eller på annan måte yta pengar til TV-aksjonen.

### Vil du vera bøsseberar?

Ring sørvistorget i Radøy kommune på tlf 56 34 90 00.

Helsing kommunenemnda for TV-aksjonen i Radøy.  
JON ASKELAND, ORDFØRAR

## Radøy legesenter har fått ny telefonsentral

Radøy kommune har etter vedtak i formannskapet gått til innkjøp av ny telefonsentral til Radøy legesenter, og vi håper at dette vil føre til bedre sørvis for pasientane som ringjer til oss.

**Vi har framleis telefonnummer 56 34 90 90.**

Vi får no høve til å leggje inn fleire meldingar, som til dømes kva nummer ein er i telefonkøen. På denne måten kan pasientane velje om dei vil ringje igjen seinare, eller halde linja og vente på svar. I tillegg vil vi lese inn annan relevant informasjon som kan høyrast medan ein ventar på svar. Elles minner vi om at opningstidene på telefon er 08.00 - 11.30 og 12.30 - 15.00. Ring kl. 08.00 dersom du må til lege same dag, og etter kl. 09.00 for vanleg legetime/ laboratorietime. Ring etter kl. 10.00 for tinging av resept eller for andre spørsmål til lege/sjukepleiar/helsesekretær.

BENTE BØ TAULE  
Radøy legesenter

## Tommy Urhaug vann OL-medalje



Tommy Urhaug vann bronsefinalen i bordtennis i Paralympics i Beijing. Tommy spelte bronsefinale torsdag 11. september, og vann over egyptaren Sameh Saleh. Han vann 3-0 i sett etter 11-3, 11-8 og 11-6.

- Utuleg stort å få denne bronsemedaljen etter skuffelsen i semifinalen, sier Tommy nøgd til NRK.

**Radøy kommune gratulerer !**

